

HYWER AS  
Postboks 84  
6961 DALE I SUNNFJORD

**Vår dato:** 13.05.2025  
**Vår ref.:** 202222167-36 Oppgis ved henvendelse  
**Deres ref.:**

## **NVE avslår søknad om løyve til bygging av Hundsåna kraftverk i Askvoll og Sunnfjord kommunar, Vestland fylke**

NVE avslår søknad frå Hywer AS datert 23.11.2022 om løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Hundsåna kraftverk i Askvoll og Sunnfjord kommunar i Vestland fylke. NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25 ikkje er oppfylt. Etter vår vurdering vil skadane og ulempene for allmenne og private interesser vere større enn fordelane ved tiltaket.

NVE har lagt avgjerande vekt på at ei utbygging av Hundsåna vil påverke ein viktig foss i eit fjordlandskap av regional verdi. Tiltaket vil vesentleg svekke fossen som landskapselement. Etter vårt syn vil tiltaket ha større konsekvensar for fjordlandskap no, enn det som var tilfellet da Hundsåna kraftverk fekk konsesjon i 2016. Vi har også lagt stor vekt på at utbygginga vil føre til negative konsekvensar for fire sårbare naturtypar av stor verdi, og mesteparten av ein lokalitet med naturtypen fosse-eng i fossesprøytsona til Hundsånafossen truleg vil gå tapt. NVE meiner at fordelane i form av auka kraftproduksjon vil vere mindre enn ulempene for landskap og naturmangfold. Etter vårt syn kan ikkje ulempene reduserast i tilstrekkeleg grad ved mildnande tiltak.

Ei nærmare grunngiving for avslaget er gitt i vedlagde notat *Bakgrunn for vedtak*. Notatet er også tilgjengeleg på NVE si nettside: [www.nve.no/8956/V](http://www.nve.no/8956/V).

### **Orientering av grunneigarar og rettshavarar**

NVE ber om at dette brevet med vedlegg så snart som mogleg blir sendt til ramma grunneigarar/rettshavarar. Både eigalar av utbygde og ubygde eigedommar skal varslast. NVE ber om å få ei stadfesting når de har orientert ramma grunneigarar og rettshavarar, med dato for utsendinga.

### **Moglegheit til å klage**

Vedtaket kan klagast på, sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.



Med helsing

Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef

Ylva Bencze Rørå  
fagleiar, ny kraft

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakerliste:**

HYWER AS

**Kopimottakerliste:**

ASKVOLL KOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
SUNNFJORD KOMMUNE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
HYWER AS - Nina Hjartholm



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjerving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjaving, kan du be NVE om å få ei grunngjerving. Du må be om grunngjervinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</li></ul>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndighet. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.